



Lindås ungdomsskule  
5955 LINDÅS  
Tlf. 56375054  
lindas.ungdomsskule  
@lindas.kommune.no

## **REFERAT FRÅ MØTE I FAU 07.05.2019**

Dei som møtte: Siri Øksnes, klasse 8a, Erlend Vaktskjold, klasse 8b, Tore Gjerstad, klasse 9a, Marit Sæbø, klasse 9b, Hege Rikstad, klasse 10a og Solveig Holsen, klasse 10b, Henriette Rolland, rektor.

### **Sak 32 – 18/19 Godkjenning av innkalling og referat**

Referat frå forrige møte, og saksliste til møtet, vart godkjende.

### **Sak 33 – 18/19 Tilbakemelding frå Barnedisco 05.04.19**

Denne gongen var det 10. klasse som stod for arrangementet, og temaet var *Hawaii*. Hege og Solveig kunne melde om ein flott gjennomført jobb av elevane i 10. klasse. Blant anna hadde dei kledd seg ut som påskeharar barna kunne jakte på. Overskotet frå arrangementet var på knapt 7.000,-

Framlegg til organisering neste år: 10. klasse først på hausten, og to disco på hausten, eit på våren.

### **Sak 34 – 18/19 Natteravn-tiltaket**

- Liste og «sjølvorganisering» ut frå denne fungerer stort sett.
- For å få det til å fungere enda betre skal avtroppande vakt ringe til alle på påtroppande vakt for å minne dei på vakta. For å få dette til, vil distribuere (eller legge i permen) telefonliste til alle føresette. Det vil vere mogleg å reservere seg mot ha telefonnummeret på denne lista, ref epost frå skulen 29.05, med svarfrist 03.06.
- Det er bra med kommentarar i loggboka.
- Vi vil følgje vaktlista til den går ut 22.06, og starte opp med ny liste om lag ved skulestart.
- Har du spørsmål eller kommentarar til organisering av Natteravn på Lindås – ta kontakt med ein av klassekontaktane i klassen din.

### **Sak 35 – 18/19 Økonomi**

Kontantbeholdning er pr. i dag ca 50.000,-.

## **Sak 36a – 18/19 10.klasse avslutning**

9. klasse (Marit og Tore) organiserer dette, men først etter konfirmasjoner og 17. mai. Vi rerkner med 42 elevar → 145 gjester totalt som skal ha mat (suppe), dessert og kaffi, samt opprydding i etterkant.

## **Sak 36b – 18/19 17. mai arrangementet**

17. mai komiteen er sett og gjer eit svært godt arbeid! Jenter i 10. klasse som held apell får 200,- i gåvekort ved Knarvik senter.

## **Sak 37 – 18/19 FAU-avslutning**

Vi markerer slutten på eit godt samarbeid i FAU med korgfest 11. juni, hjå Solveig (evt hjå Hege).

## **Sak 38 – 18/19 Foredrag med Jeanette Flagstad**

Vi satser på å gjennomføre dette til hausten i veke 39 evt. 40. Siri tek kontakt for å avklare detaljer, men med utgangspunkt i eit opplegg på dagtid for elevar, og eit møte på ettermiddag/kveld for foreldre.

## **Sak 38 – 18/19 Tilbakemeldingar frå skulen**

- Ny 8. klasse: pr i dag 42 elevar, det er halde 15 overgangsmøter.
- 10. klasse skal ha muntleg eksamen 05.06. Denne dagen tek heile 9. klasse turen til Bjørn West, medan 8. klasse skal på byvandring i Bergen.
- Det er halde ei rekkje «kjernegruppe-møte» i samband med rusmisbruk blant elevar. Kjernegrupper er eit tilbod frå kommunen til ungdomskule-elevar. For dei elevane som går vidare til vidaregåande skular, er det fylkeskommunen som tek over. Slik vi forstår det er det ikkje noko overgangsmøter kommune (ungdomskule) og fylke (VGS). Det kan vere nyttig å vite om tenestene til den fylkeskommunale oppfølgingstenesta (OT): «OT/PPT er eit team av rådgjevarar, spesialpedagogar og psykologar. Vi har teieplikt. Bruk av våre tenester er frivillig og gratis.» <https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/otppt/>

## **Sak 38 – 18/19 Eventuelt**

Det vart igjen etterlyst om Visma automatisk kan sende e-post til føresette når det vert registrerte merkander på orden og oppførsel.